



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
08/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	01.02.2016
09/2016	Kommunestyret	PS	29.02.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FA - Q14	15/363

ASFALTERING TOSKEDALSVEGEN - NAUDSYNT FORSTERKNING AV VEG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1

Kommunestyret løyver 550 000 til naudsynt forsterking av Toskedalsvegen før asfaltering. Desse kjem i tillegg til dei 780 000 i vedteke kapitalbudsjett for 2016. Auke på kr 550.000 vert finansiert ved auka låneopptak

Alternativ 2:

Kommunestyret ber rådmannen vurdere og prioritere utbetring av Toskedalsvegen i samla sak om tilstandsregistrering av kommunale vegar. Vedteke budsjettmidlar til asfaltering av Toskedalsvegen i 2016 vert då vurdert opp mot samla vedlikehaldsetterslep for kommunale vegar.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 08/2016

FPØ - Behandling:

Dei 2 alternative forslaga vart sett opp mot kvarandre. Alternativ 1 vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding:

Kommunestyret løyver 550 000 til naudsynt forsterking av Toskedalsvegen før asfaltering. Desse kjem i tillegg til dei 780 000 i vedteke kapitalbudsjett for 2016. Auke på kr 550.000 vert finansiert ved auka låneopptak.

Kommunestyret - Sak 09/2016

KOM - Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - Vedtak:

Kommunestyret løyver 550 000 til naudsynt forsterking av Toskedalsvegen før asfaltering. Desse kjem i tillegg til dei 780 000 i vedteke kapitalbudsjett for 2016. Auke på kr 550.000 vert finansiert ved auka låneopptak.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Grusvegen frå Hellingen til Gammersvik vart i 2014 asfaltert, ein strekning på kring 3 km. I budsjett for 2015 vart det løyvd 780 000 til asfaltering av strekninga frå Gammersvik til Grøsvik, kring 1,3 km. I samband med raset ved Sverrestuven vedtok kommunestyret å omdisponere dei 780 000 til gjenoppbygging av Toskedalsvegen på rasstadet.

Vurdering


Det nylagte asfaltdekke frå Hellingen til Gammersvik har som det går fram av bileta i saksframlegget fått omfattande skadar. Skadane kjem i hovudsak som følgje av mangelfull kantforsterking/smål veg og svikt i vegfundamentet. Ein kan ikkje sjå bort i frå at manglar ved sjølve asfaltdekket også kan vere ein faktor. Dette er noko vi vil undersøke nærare som del av tilstandskartlegginga av kommunale vegar.



Døme på oppsprekking av vegbane.



Døme på oppsprekkande i vegkant.



Eksisterande grusveg ved Grøsvik, mur og fundament må skiftast før asfaltering.



Overheng mellom Grøsvik og Gammersvik, drypp frå fjell vil gje hull i asfalt utan tiltak.

Grusvegen frå Gammersvik til Grøsvik på om lag 3 km utgjer kring 4 800 rutemeter med nytt fast dekke. Med bakgrunn i asfalt anbod i 2014 utgjer prisen på nytt dekke (Type Agb 11, 110 kg/m²) 150 kr/m² i 2014 kroner. Det vil seie ein kostnad på 760 000 kroner i 2016 kroner.

Før nytt dekke vert etablert må ein utføre forarbeid med forsterkning og utbetring på vegen. Erfaringar frå arbeid utført i 2014 underbygger dette.

Tiltak som kan nemnast er:

- Erfaring etter vedlikehald på vegen tilseier at strekkjer av vegbana krev masseutskifting av bærelag og utlegging av nytt.
- Tilføring, avretting og komprimering av topplag.
- Veggrøfter generelt må ettergåast/reinskast.
- Vegsikring, betongkant og veggmur må skiftast på ein strekning på om lag 50 m der vegen ligg utan sikringskant oppå ein gamal mur. Store konsekvensar ved utførkøyning. Dette er eit kostnadskevjangende tiltak som må takast før asfaltering.
- Vurdering av vegsikring på andre delar av vegen.

Ein må ha føre seg at Toskedalsvegen i si tid vart bygd som grusveg for hest og kjerre, og den bærer preg det. Ein vil uansett aldri kunne unngå at eit nytt fast dekke over tid vil kunne framstå med setningar og sprekking.

Rådmannen kalkulerer minimumsopprusting/vøla av vegen til kroner 550 000 inklusiv meirverdiavgift. Å auke dette beløpet vil sjølvstøtt føre til eit betre sluttresultat. Ein vesentleg kostnad er betongsikringsmur i Grøsvik.

Det vil etter rådmannens vurdering vere best å få gjennomført den planlagte tilstandsvurderinga av alle kommunale vegar, og på bakgrunn av denne gjera prioriteringar med omsyn til tiltak på dei ymse vegane.